



Indre Hordaland Kraftnett AS

Nye tariffar gjeldande frå 01.10.2024. Nettleiga gjekk frå årsskifte 23/24 ned i snitt 6 %. Grunna høgare kostnader i foranliggende nett er det frå 1. oktober nødvendig med ein oppjustering av nettleiga.

Nettleiga går opp i snitt ca. 4%. Heile endringa vert ført på energileddet.

For ein hushaldskunde med forbruk 20.000kWh vil endringa utgjere 500,- inkl. MVA årleg.

Privatkundar under 100 000 kWh årleg forbruk

Trinn	Kapasitetsledd	Kr / måned	Energiledd øre/kWh Apr-des
1	Mindre enn 2 kW	240,-	57,50
2	Frå 2 kW og opp til 5 kW	300,-	57,50
3	Frå 5 kW og opp til 10 kW	400,-	57,50
4	Frå 10 kW og opp til 15 kW	600,-	57,50
5	Frå 15 kW og opp til 20 kW	800,-	57,50
6	Frå 20 kW og opp til 25 kW	1.000,-	57,50
7	Frå 25 kW og større	1.200,-	57,50

Inkl. alle avgifter. MVA, forbruksavgift på 11,89 / 20,55 øre/kWh og Enova på 1,25 øre/kWh (sjå side 2)

For Standmålte anlegg kjem dette i tillegg:

Gebyr for manuell avlesing	1.875,- kr/år
----------------------------	---------------

For byggeskap kjem dette i tillegg:

Tariff type	Opp/ned gebyr kr	Døgnleige, kr
Byggeskap	3.250,-	20,-

Kapasitetsleddet er eit fast månedleg beløp som er basert på kor mykje straum ein brukar samstundes. Dersom du jamnar ut straumforbruket gjennom døgnnet, får du lågare kapasitetsledd enn om du brukar mykje straum samstundes.

For å berekne kapasitetsleddet er det laga ein trappetrinnsmodell. Gjennomsnittet av dei tre timane med høgast forbruk, på tre ulike dagar i forrige måned, vil avgjere kva trinn du havnar i. Ein kan med andre ord få ulikt kapasitetsledd frå måned til måned.

90% av IHK sine kundar vil liggje i Trinn 1, 2 eller 3.

Mange kundar vil være på eit lågare trinn om sommaren enn om vinteren

Effektmålt privat lågspent (privat over 100 000 kWh årleg forbruk)

Fastledd kr/år	Årstid	Effektledd kr/kWh/mnd	Energiledd øre/kWh jan - mar	Energiledd øre/kWh apr - des
18.000,-	Sommar	75,-		39,8
18.000,-	Vinter	85,-	34,89	43,55

Inkl. alle avgifter. MVA, forbruksavgift på 11,89 / 20,55 øre/kWh og Enova på 1,25 øre/kWh (sjå side 2)

Vinter: okt – mars Sommar April – sept.

Litt om vilkår:

*Byggeskåp vert sett opp mot eit opp/ned gebyr på kr. 3250,- For at byggeskåp skal vere monterert til du treng det, ynskjer me tinging 4 dagar før det skal monterast. Du finn skjema på www.ihk.no under Nett, eller ved å venda deg til oss på tlf, 53 67 16 00 eller post@Nett.ihk.no

NVE bestemmer den totale inntekta som nettselskapa skal ha på overføringstenester og nettleige.

Nettleiga skal dekkja alle kostnadane som nettselskapet har til drifting og investeringar i nettet. Når inntekta på nettleiga vert for låg i høve til utgiftene som krevst til forsvarleg drift av nettet, kan nettselskapet regulera opp prisen innanfor den inntektsramma som er sett av NVE.

Standard vilkår:

Elektrisk kraft vert levert i samsvar med Standard avtale for tilknytning, nettleige og kraftlevering, utarbeidd av Energi Norge, med dei særtilvilkår som Indre Hordaland Kraftnett AS har teke inn i kontrakta. Den er utarbeidd i samarbeid med Forbrukarombodet og Forbrukarrådet. Kontrakta får du ved å venda deg til kraftlaget, eller www.ihk.no

Tilknytning av nye anlegg:

Ved tilknytning av nye anlegg, skal det fakturerast eit anleggsbidrag på bakgrunn av kostnad med framføring av straum.

Diverse:

Dersom kunden ynskjer mellombels avstenging av straumleveringa for ein viss periode, kostar dette kr 1.375,- (kr 1100,- + MVA) Ved mellombels avstenging, løper dei faste kostnadane. (fastbeløp på gjeldande tariff)

For ubetalt straumrekning v/ forfall vil me nytta dei satsane morarentelova gjev høve til, f.t. er gebyret for purring kr 35,-. Dersom eit anlegg har vore stengt på grunn av manglande betaling, må kunden betala eit gebyr stort kr 1.375,- (kr 1.100 + MVA), i tillegg til skuldig sum før straumen vert tilkoppa. Gebyret må også betalast i tillegg til forfallen sum i dei tilfella der betaling av forfallen sum fyrst skjer når me rykkjer ut for å stengja eit anlegg. Satsen gjeld arbeid innanfor normal arbeidstid. Utanfor normalarbeidstid, kjem det eit ekstratillegg på kr.600,- inkl mva. Ved inkasso vil me nytta standardsatsane morarentelova og inkassolova gjev høve til.

AMS målar

For opning og stenging av HAN port må ein sende tinging pr epost til post@nett.ihk.no

Tariffendring : Krev skriftleg dokumentasjon frå kunde, endring vert utført med verknad frå neste avrekning.

Utbetaling etter langvarig avbrot.

Hushaldningar og fritidshus har krav på kompensasjon ved straumbrot som varer over 12 timar. Straumbrotets varigheit skal bereknast frå det tidspunktet nettselskapet fyrst fekk melding om avbrotet, eller nettselskapet burde ha visst at det var straumbrot.

Satsane for kompensasjon pr målepunkt er :

- For husholdningar: 500 kroner ved avbrot over 12 timar og deretter ein sats på kr 40,- pr time
- For fritidshus : 125 kroner ved avbrot over 12 timar og deretter ein sats på kr 10,- pr time

Ein samla årleg kompensasjon kan ikkje overstige forventa innbetalt nettleige for inneverande år

Kompensasjonsordning er ikkje ein erstatningsordning for faktiske kostnader som kunden opplever som fylgje av straumbrot. Dette vert regulert gjennom forbrukarlovgeving og privatrettslege avtalar.

Kompensasjon vert utbetalt automatisk utan at kunde treng søkje om dette

Sjølv om det er AMS målar på anlegget, er det ikkje sikkert nettselskapet fangar opp at det er straumbrot. Dette heng saman med at det kan vere utfordringar med kommunikasjon med målaren eller anna. Det beste er difor å varsle nettselskapet om straumbrot, med mindre nettselskapet har varsla om straumbrotet til deg

Avgifter til staten*:

Forbrukaravgift, alle kundar, inkl i nettleige-energiledd jan-mars	9,51 øre/kWh (11,89 øre/kWh inkl mva)
Forbrukaravgift, alle kundar, inkl. i nettleige-energiledd apr-des	16,44 øre/kWh (20,55 øre/kWh inkl mva)
ENOVA - avgift hushalds føremål, inkl. i nettleige-energiledd	1,0 øre/kWh (1,25 øre/kWh inkl mva)
ENOVA – avgift næringskunde, inkl. i nettleige- årleg fastbeløp	kr 800,- pr år (1.000,- kr inkl mva)



-faktura ferdig utfylt rett i nettbanken. Registrer deg som brukar i nettbanken
Og/eller,



- automatisk betaling av faste rekningar. Kontakt banken din for avtale.